

Sjukehusapoteka Vest HF

ÅRSMELDING 2017

VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål å vera farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøvar si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i føretaksmøte mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF.

Sjukehusapoteka Vest eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. Sjukehusapoteka Vest leiger lokale til drifta ved dei største sjukehusa i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Desse sjukehusa er og Sjukehusapoteka Vest sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/ institusjonar og til pasientar/ publikum.

FOKUSOMRÅDER I 2017

Spesialisthelsetenesta sin bruk av legemiddel er aukande. I Helse Vest var samla kostnad til legemiddel i 2017 1,8 mrd. kroner, ein auke på 22,1 % frå 2016. Gjennom 2017 har fleire legemiddel blitt overført til H-reseptfinansiering, noko som mellom anna aukar behov for oppfølging av innkjøpsavtalar i sjukehusa. Bratt kostnadsutvikling gjeld særleg for legemiddel til bruk ved nye behandlingsmetodar innan kreftbehandling og nye biologiske legemiddel. Kostnadsutviklinga krev god styring og kontroll ved legemiddelbestilling og bruk. Sjukehusapoteka Vest samarbeider med dei andre sjukehusapotekføretaka i Norge og helseføretaka i Helse Vest om dette. Arbeidet vert vidareført i 2018.

Sjukehusapoteka Vest deltek aktivt i arbeid med utvikling av spesialisthelsetenesta på Vestlandet, med mål om betring av pasienttryggleik og kvalitet på legemiddelområdet gjennom fleire ulike tiltak:

- Fleire prosjektdeltakarar og ei delprosjektlear i KULE-prosjektet (utvikling og utprøving av elektronisk kurve; kliniske prosesser, legemiddellogistikk, lukka legemiddelsøyfe).
- Aktiv deltaking i lokal legemiddelkomitear og regional legemiddelkomite.
- Sentral aktør i pilotprosjekt for utprøving av legemiddelsamstemming av farmasøyt i akuttmottak ved Stavanger Universitetssjukehus og Haraldsplass diakonale sjukehus. Prosjekteigarskap for prosjektet Produksjonsstøttesystem i Helse Vest.
- Tilrettelegging for produksjon av legemiddel som tidlegare har blitt laga i sjukehusavdeling (t.d Eyelea)

Gjennom deltaking i KULE prosjektet bidreg Sjukehusapoteka Vest til å utvikle funksjonelle grensesnitt mellom kurveløysing, kjernejournal og legemiddellogistikk som på sikt kan gje grunnlag for etablering av lukka legemiddelsøyfe i Helse Vest. Ein viktig føresetnad for lukka legemiddelsøyfe er tilgang på legemidlar som eindose. Sjukehusapoteka Vest har i samarbeid med Helse Stavanger sett på løysingar for framtidig legemiddelforsyning i samband med planlegging av nytt sjukehus, under dette modell for forsyning av eindose.

Sjukehusapotek Vest har organisert arbeidet med koordinering av ulike prosjekt innan digital fornying i eit eige program («Digital fornying i Sjukehusapoteka Vest»). I programmet inngår prosjekt for nytt nasjonalt bransjesystem for apotek (EIK i SA), ny reseptur- og butikkdataløysing (RBD), forfalskingsdirektiv, produksjonsstøttesystem og helseregionen sitt innføringsprosjekt for nytt ERP system (LIBRA). Programmet har ein tidshorisont ut 2020 for utvikling og implementering av nye system.

Sjukehusapoteka Vest arbeider kontinuerleg for god drift av våre publikumsutsal, og det er gledeleg at publikumsundersøkingar i 2017 stadfestar at brukarane gjennomgåande er svært nøgde med vareutval og ventetider.

Ein har hatt særskild satsing på nasjonal bemanningsmodell, sjukefråvær, HMT risikovurdering (inkludert vald og trugslar), HMT i cytostatika produksjon og aktivitetsstyrt bemanningsplanlegging. .

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Organisering

Sjukehusapoteka Vest er organisert med apotek og stabsavdelingar som nivå 2 og avdelingar som nivå 3, og avdelingsleiarar med fullmakter innan områda fag, økonomi og personal. Fullmaktmatriisa gir avgrensing av myndigheit på dei 3 fullmaktsnivåa og inngår i leiaravtalar ved tilsetjing. Beskriving av stillingar på alle nivå tydeleggjer ansvar innan etikk, grønt miljø og prosessleiing forutan leiar/medarbeidarkrav og konkrete arbeidsoppgåver.

Rekruttering

Sjukehusapoteka Vest har i 2017 arbeidd med auka kvalitet i rekrutteringsprosessen. Ein har delteke på Farmasidagane i samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka i Noreg og brukar sosiale medium for å treffe potensielle søkarar. Rekruttering av leiarar er framleis ein utfordring.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er heimla i føretaket sin strategi og konkretisert i årleg handlingsplan for kompetanse. Arbeidsplassen skal være læringsarena der utvikling av leiarar, kundekommunikasjon og sal held fram. Ein vil i det vidare arbeidet ha serskild merksemd på produksjonsområdet .

Dei totale tala på kursdeltaking (e-læringskurs) er 1881 i 2016 og 1845 i 2017.

Sjukehusapoteka Vest hadde i 2017 tilgjengeleg 246 elæringskurs, av dei har det vore aktivitet på 179 e-læringskurs (171 i 2016) . Det var arrangert 40 klasseromskurs (65 i 2016). Kvar tilsett i Sjukehusapotek Vest har teke i gjennomsnitt 7 kurs i 2017.

Systematisk Helse Miljø og Tryggleik :

Føretaket har i 2017 arbeidd med helsefremjande arbeidsmiljø i høve til Helse, miljø og tryggleik (HMT) mål; *Vi skal sikre forsvarlig sykehusapotekdrift som vernar om mennesker, miljø, samfunn og eigendelar.* HMT er fast sak i styre- og leiarmøte, samt i samhandling med fagorganisasjonane og i arbeidsmiljøutval (AMU). Ein har forenkla struktur på lokalt samarbeid om arbeidsmiljø for å sikre betre kvalitet. Årsmelding 2017 for Føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU) var handsama i FAMU sitt møte 22.02.2018 og vert lagt fram i Styremøte 22.03.18.

Hovudområda i HMT handlingsplan har vore;

- IA - sjukefråvær

- Systematisk HMT
- Avvikshandtering
- Ytre Miljø
- Psykososialt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljøpris
- HMT kartlegging - HMT handlingsplan

Sjukehusapoteka Vest HMT-system er heimla i Helse Vest sin HMT-strategi. Registrerte HMT-avvik i 2017 viser ein svak auke samanlikna med tidlegare år (80 i 2017 mot 67 i 2016). Majoriteten av HMT avvika er knytt til stikk og kutt, tunge løft og trugande situasjonar. Det er registrert ei ulykke i 2017. Systematisk sjukefråværsoppfølging, systematisk oppfølging av HMT avvik, systematisk HMS arbeid og HMT opplæring var tema i HMT internrevisjon i 2017.

Sjukefråvær:

Det totale sjukefråveret i Sjukehusapoteka Vest i 2016 var i snitt 9,1% mot 7,8 % i 2016. Føretaket si målsetting er, i tråd med målsetning for Helse Vest, å få sjukefråveret ned i 5,5 %. Som delmål i nye IA mål er det fallande trend inntil mål og 5,5 % er nådd (20 % reduksjon i korttidsfråvær innan 2 år). Årsakssamanhengane rundt sjukefråvær har synt seg svært samansette. Føretaket har derfor ei rekke systematiske tiltak innanfor mange områder.

Likestilling:

Sjukehusapoteka Vest er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av i snitt 254 tilsette i 2017 var det 38 menn. I leiargruppa var fordelinga 4 kvinner og 4 menn. Styret i føretaket var per 31.12.17 sett saman av 5 kvinner og 4 menn. Av 4 sjukehusapotekarar er det 1 mann. Av 12 avdelingsleiarar er 1 mann. Sjukehusapoteka Vest har lik handsaming av kvinner og menn ved rekruttering, lønnsfastsetjing og utvikling. Der det er mogleg å jamstille gjennomsnittsløna for kvinner og menn, er det ingen skilnader i lønnsnivå. Omfanget av overtid er også relativt sett jamt fordelt mellom kvinner og menn.

Inkludering, mangfald og likeverd:

Helseføretaks gruppa i Helse Vest har felles regional målsetting for inkludering og mangfald som skal spegla samfunnet og gjera oss i stand til å møte mangfaldet blant pasientar og pårørande.

Målet er at mellom 6 og 10 % av medarbeidarane skal ha innvandrarbakgrunn, fordelt omtrent likt mellom vestlege og ikkje vestlege innvandrarar. Ved annonsering og rekruttering vert dette opplyst om og følgd opp. Personalleiarar vert kursa i rekruttering og temaet diskriminering grunna kjønn, etnisk opphav, og funksjonshemming er del av denne opplæringa.

Siste tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at føretaket har totalt har 23,9 % medarbeidarar med innvandrarbakgrunn for delt på 13,4% frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zeeland og 10,5 % frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og andre land.

Talet på årsverk:

Talet på brutto årsverk i gjennomsnitt i 2017 var 221 mot 213 året før. Talet på netto årsverk i gjennomsnitt i 2017 var 173 mot 177 året før.

YTRE MILJØ

Verksemda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Sjukehusapoteka Vest blei miljøsertifisert etter ISO

14001:2015 i 2017. Miljøpolitikken vart revidert i 2017. Denne krev merksemd på heile verdikjeda frå produsent til sluttbrukar av legemiddel. Ny miljøstandard har auka merksemd på leiinga si rolle og ansvar, og oppfølginga av systemet er derfor lagt til styringslinja. Sjukehusapoteka Vest samarbeider med dei andre føretaka i Helse Vest på miljøområdet gjennom regional miljøfaggruppe og på nasjonalt nivå med dei andre sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF.

Sjukehusapoteka Vest hadde delansvar for regionalt seminar om legemiddel og miljø i mai 2017 i Bergen med innlegg frå industri, styresmakter, helseføretak, Norsk institutt for vannforskning og Sykehusinnkjøp HF.

FORSKING OG UTVIKLING

Sjukehusapoteka Vest HF har aktivitet innan forskning gjennom forankringsavtaler for tre doktorgradsstipendiatar ved Universitetet i Bergen. I tillegg er det inngått forankringsavtale for to forskarar (professor) ved Universitetet i Bergen som har tilskot av driftsmidlar. Alle avtalane er finansiert av Helse Vest RHF. I tillegg har ein i 2017 gitt bidrag til løn (0,25 årsverk) for doktorgradsstipendiat tilknytt Nasjonal kompetanseneste for antibiotikabruk i spesialisthelsetenesta i Helse Bergen.

Eit såkornprosjekt med finansiering frå Helse Vest RHF ved Sjukehusapoteket i Stavanger/Stavanger universitetssjukehus var under arbeid i 2017: «Pilotering av metodikk og implementering. Legemiddelsamstemming».

To masterstudentar utførte arbeid med masteroppgåve i farmasi i 2017.

ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rettvise oversikt over utviklinga og resultatet av føretakets verksemd og stilling.

Risikoforhold

Føretaket er i mindre grad eksponert for endringar i valutakursar og endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/ HELFO. Ein vurderer likviditeten i føretaket som god, og det er ikkje vedteke å innføre tiltak som endrar likviditetsrisiko.

Økonomisk drift:

Samla omsetning i Sjukehusapoteka Vest HF er i 2017 kr. 1.172.606.486 mot kr. 1.064.292.631 i 2016, ein auke på 10%. Resultat frå drifta er i 2017 kr 12.868.607 mot kr. 15.345.888 i 2016, ein reduksjon på 16,1%. Endringa er knytt til lågare bruttomargin på sal av varer, auke lønn og personalkostnader og auke i driftskostnader. Ikkje resultatført estimat avvik i pensjonsordninga er kr. 96.053.681. Eigenkapitalen er tilfredstillande.

Netto finansresultat for 2017 er kr. 903.330 mot kr. 1.128.627 i 2016, ein nedgang på 19,9%. Nedgang frå 2016 skuldast i hovudsak reduserte renteinntekter. Samla resultat for 2017 er kr. 14.338.673 mot kr. 16.931.442 i 2016.

Likviditet og kontantstraum:

Likviditetsbeholdninga pr. 31.12.2017 var kr. 4.895.618 som er ein auke på kr. 83.622 frå 2016. I tillegg har Sjukehusapoteka Vest innskott på konsernkontoordning i Helse Vest på kr 170.036.200. Dette inngår i regnskapet som krav på morselskapet i omløpsmidlane.

Driftsresultatet for 2017 er på kr 12.868.607 , medan kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar er kr 9.038.521. Dette kan forklarast med auka krav, varelager og anna kortsiktig gjeld.

Forslag til disponering av overskott:

Styret foreslår at overskotet for 2017 vert overført til anna eigenkapital.

Overføring til anna eigenkapital	kr	14.338.673
Totalt disponert	kr.	14.338.673

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2017 er:

<u>Eigenkapital</u>	kr.	178.091.445
---------------------	-----	--------------------

FRAMHALD AV DRIFTA OG UTSIKTAR FOR VERKSEMDA

Det er normalt usikkerhet knyttet til fremtidige forhold. Etterspurnaden etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod.

Etterspurnaden etter varer og tenester frå Sjukehusapoteka Vest HF er tett knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakar av Sjukehusapoteka Vest sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.

Bergen, 22. mars 2018

Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Trude Marit Risnes
Styreleiar

Olav Godtfred Klausen
Nestleiar

Arve Varden
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Eivind Hansen
Styremedlem

Bente Aae
Styremedlem

Marit Jacobsen
Styremedlem

Marianne Saugestad
Styremedlem

Gunvald Andreas Iversen
Styremedlem

Jon Bolstad
Adm. direktør